

Frå fjord til fjell

Fin topptur for heile familien på sørsida av Vatsfjorden. Start turen på traktorvegen med å gå austover, retning Leveld. Fortsett på stig langs med eit lite jorde og gjennom litt skog. Etter ca. 250 meter kryssar du elva Votna.

Herifrå gjekk den gamle ferdselsvegen mellom Søre Vats og Kvinnegardslia. Etter brua, må du dreie mot sør-vest. Stigen følgjer ein rygg som går jamt og trutt oppover bjørkeskogen. På turen opp passerar du ein gamal stølsvoll med ei løe og ei lita hytte. Når du kjem på toppen får du panoramautsikt til Reineskarvet og Lauvdalsbrea.

Fylg same vegen ned att. Ynskjer du ein rundtur kan du ta av stigen som går vestover, like før du kjem ned til enden av fjorden. Derifrå kan du gå fylkesvegen attende til utgangspunktet.


Thonkollen eller Tobakken er ein gamal hoppbakke som vart rydda i 1944-45 og opna 3. mars 1945. Det vart gjort eit omfattande anleggsarbeid med flytting av grusmasse. Dette var medan det framleis var forbod mot forsamlingar. Det var to hopp, og Vatsfjorden vart brukt som slette. Bakkerekorden er visstnok 52 meter. Bakken var i bruk til utpå 1960-talet.




For meir detaljert kart sjå: Tur- og sykkelkart AI/Gol/Hemsedal 1:60 000




 Frå Rv. 7, køyr Fv. 244 til Vats (ca. 17 km frå AI sentrum

 I austre enden av Vatsfjorden.

 4 km t/r. 740 - 980 moh.

 Hoppbakke

 Fin stig, nokon bratte parti. NB! Det er ei gamal bru i utset av Vatsfjorden. Den er i dårleg stand og må ikkje nyttast.

